

# HANDLINGSPLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

## GRUNNSKULANE I HØYANGER KOMMUNE

### Innleiing

Alle born og unge har rett til eit godt og trygt skulemiljø. I Høyanger kommune skal det vere nulltoleranse mot mobbing og krenking. Retten til eit trygt og godt skulemiljø er lovfesta i kapitel 9 i opplæringslova. Det er eleven si subjektive oppleveling av skulemiljøet som skal leggast til grunn for å utløyse aktivitetsplikta. Om elev, eller foreldre varsler om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, har den som mottek varselet plikt til å varsle vidare til rektor. Det same gjeld for observasjonar og meldingar som ein får frå andre tilsette, eller elevar.

For å førebyggje mobbing skal skulane arbeide aktivt for å sikre at alle elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring og gir gode høve for utvikling og aktivitet. Foreldre/føresette er ein viktig samarbeidspart i arbeidet.

Skulen skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar og gje ei etisk oppdragning i samarbeid med foreldra.

Skulemiljøet skal vere fast emne i møter; i tillegg skal det granskast, analyserast og årleg drøftast i skulen sine samarbeidsorgan, råd og utval. Skulen skal sette i verk tiltak dersom mobbing vert avdekkta.

Mobbing som tema og skulen sitt arbeid med dette, skal vere del av skulen sin årsplan.

Aktivitetsplikta er sentral i dette arbeidet og inneholder 5 delplikter:

- følgje med
- varsle
- gripe inn
- undersøke
- sette inn tiltak.

I tillegg kjem det viktige førebyggjande arbeidet som må arbeidast med dagleg. Alle tilsette skal ved oppstart nytt skuleår, eller ved tilsetting, verte kjende med og lese gjennom heftet som omhandlar aktivitetsplikta for slik gjere seg kjend med lovgrunnlaget og rutinar som gjeld for arbeidet med skulemiljø. Handlingsplanen er meint å vere til støtte for skulane i det viktige arbeidet med å sikre barn- og unge eit trygt og godt skulemiljø. Føresette skal i første foreldremøte etter oppstart nytt skuleår, eller når dei tek i mot nye elevar, informere om kap. 9 i opplæringslova og vise til at dei kan hente informasjon om dette også på skulane si heimeside.

Handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø skal vere førebyggjande, avdekkande og foreslå tiltak dersom mobbing vert avdekkta.

- Stig Engen -  
Kommunalsjef for oppvekst

### Mål for arbeidet:

I Høyanger kommune skal det vere nulltoleranse for mobbing og krenking.

Alle elevar i Høyanger kommune skal ha eit trygt og godt skulemiljø fritt for mobbing og krenking.

## **Høyanger kommune skal ha gode rutinar og eit internkontrollsysteem som skal sikre at arbeidet med skolemiljø og kapittel 9A til ei kvar tid føl regelverket**

**Definisjon på mobbing:** *Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot eit barn som har vanskar med å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Åtferda må finne stad 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare for å definerast som mobbing.* (Udir.no).

### **1. Førebyggje mobbing**

For å førebyggje at mobbing skjer i skulen, skal skulen aktivt arbeide for å skape eit trygt og godt miljø. Skulen skal legge til rette for at kvar enkelt elev får ein god start når eleven byrjar på skulen, ved overgangar mellom steg og skular, og skifte av kontaktlærar. Skulen skal sikre at kvar elev vert sett og møtt av vaksne i skolemiljøet. Dei skal møte eleven med nærvær, tillit og omsorg, vere opne og fordomsfrie og såleis stadfeste barnet sin integritet og rettar. Dei tilsette må ha ei aktiv haldning mot mobbing.

Skulane i kommunen må ha tydelege verdiar som dei vaksne praktiserer i dagleg arbeid og i møte med elev og foreldre. Tilsette i skulen skal drive systematisk observasjon av enkeltelevar og elevgrupper.

Mobbing skal vere tema i skulen sine klassemøte, hovudstegsmøte og personalmøte, i elev- og foreldresamtalar og foreldremøte. Skuleleiinga har ansvar for at teamet er på dagsorden i skulen sine råd og utval minst to gonger kvar skuleår. Temaet skal også drøftast i leiarmøte og i tverrfaglege team i kommunen.

Skulane skal gjennom observasjon, refleksjon og tilbakemeldingar frå dei tilsette, elevar og foreldre utvikle miljøet og førebygge mobbing.

Skulen skal snakke med elevane om mobbing, og dette skal vere del av skulane sine planar og skal inngå i skulen sine pedagogiske aktivitetar.

### **2. Avdekke mobbing**

Dei vaksne skal ha fokus på mobbing og avdekke dette gjennom å:

- kartlegge miljøet
- reflektere og diskutere
- ha vaksne som er tilstade
- ha openheit om enkeltelevar
- ha systematisk observasjon av elev/elevgrupper
- ha elevsamtalar
- ha foreldresamtalar
- bruke resultatet frå brukarundersøkingar

### **3. Tiltak når mobbing skjer**

Det skal reagerast straks mobbing avdekkast og tiltak skal setjast i verk:

- rektor og kontaktlærar skal informerast
- foreldra til offer og mobbar informerast
- møte med foreldre, bli einige om tiltak som skal stoppe mobbinga
- dei tilsette skal informerast og blir pålagde å observere involverte elevar
- utarbeide felles strategi som tilsette skal følgje ved gjentaking av mobbinga
- oppfølgingssamtaler med dei involverte elevane
- vurdere å informere heile klassen/elevgruppa
- vurdere å opprette eit sosialt nettverk rundt dei involverte
- vurdere å ta saka opp i tverrfagleg team